

Fra: "Olav Rabbe" <olav.rabbe@saudanett.org>
Sendt: torsdag 18. september 2025 00.00.31
Til: "Jakob Fjellanger" <jfj@nve.no>; "NVE Postmottak" <nve@nve.no>
Emne: Kommentar synfaring - sak RSK 202320330 og RSK 201913014

Til NVE

Viser til synfaring i Røldal 3. september, der det vart opplyst at vi kunne senda inn tilleggskommentar til pågåande vilkårsrevisjon og søknaden om pumpe-/effektverk.

Kommentar vedkomande minstevassføring

Tappekraftverk i Roaldkvam og pumping av vatn til Brattlandselva er ikkje akseptable tiltak og kan på ingen måte erstatte minstevassføring.

Flaumsikring:

Regulanten opplyser at det er viktig å sikre seg mot vårflaum.

Dette tyder på at dei ikkje har naudsynt kunnskap om naturtilhøva i Røldal og Vestlandet.

Historisk er alle skadeflaumar om hausten.

Om våren er reguleringsmagasina tome og har plass til enormt med vatn.

Om hausten er situasjonen annleis.

Mitt poeng er at det avgjerande for sikring mot flaum ligg hjå operatøren av kraftanlegget. Dei må følgja med på ver og vind og ikkje ta unødige sjangser for å tena nokre få kroner ekstra.

Olav S. Rabbe